



DET KONGELEGE  
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Justis- og politidepartementet  
Lovadelinga  
Postboks 8005 Dep  
0030 OSLO

Dykkar ref  
201000051

Vår ref  
10/1271- KSK

Dato  
10.08.2010

**Svar på høyring - Felles fråsegn frå EØS EFTA-statane om direktiv om forbrukarrettar**

Det visast til brev 7. juli 2010 om høyring av rapportøren i Europaparlamentet sitt framlegg til endringar i forslag til direktiv om forbrukarrettar frå Kommisjonen og mogleg felles fråsegn frå EØS/EFTA-statane til direktivet.

Samferdselsdepartementet skreiv i svarbrev av 29. januar 2009 om høyring av forslag til direktiv om forbrukarrettar, at forslaget frå Kommisjonen moglegvis kunne ha innverknad på forskrift om elektronisk kommunikasjonsnett og elektronisk kommunikasjonstjeneste § 3-6 om gjennomføring av tilbyderportabilitet. Framlegget frå rapportøren ser ut til å vere endra på dette punktet, og forslag til tekst, slik han ligg føre i dag, ser ikkje ut til å påverka nemnde lovføresegn i ekomforskrifta.

Grunna ferieavvikling har vi ikkje hatt moglegheit til å foreta ei inngåande gjennomgang av framlegget. Samferdselsdepartementet har difor inga ytterligere merknader til framlegg til endringar. Departementet tek likevel atterhald om eventuelle merknadar til forslaget ved ei ny høyring på eit seinare tidspunkt.

Med helsing

  
Jørn Ringlund e.f.

  
Karin Skyllingstad